

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

Fylkesordførar Jon Askeland (SP) la til grunn innstillinga frå hovudutval for næring ved behandling av saka.

Sigrid Brattabø Handegard (SP) og **Arve Helle (A)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Brattabø Handegard er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS og Helle er styremedlem i E134 Haukelivegen AS og styreleiar i Lutelandet Utvikling AS. Brattabø Handegard og Helle gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei var habile. Brattabø Handegard og Helle tiltredde saksbehandlinga.

Silja Ekeland Bjørkly (H) og **Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Ekeland Bjørkly er styremedlem i Bybanen AS og Laupsa Rasmussen er varamedlem i Bybanen AS. Ekeland Bjørkly og Rasmussen gjekk frå under vurderinga av om dei var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Ekeland og Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e til å ta del i den delen av saka som omhandla Bybanen AS.

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Bybanevogner

1. Vestland fylke vil ved utgangen av 2022 ha investert i og eige bybanevognmateriell for omlag 900 MNOK. Å eige bybanevogner er ikkje ei naturleg kjerneoppgåve for Vestland fylke, særleg dersom dette ikkje genererer inntekter.
2. Vestland fylkeskommune skil ut eit 100% VLFK-eigd selskap 'Bybanevogner AS' for å synleggjere investeringane i materiell og få fram utgifter/inntekter forbunde med bybanevognene fylket eig.
3. Vestland fylkeskommune skal snarast oppnå forsvarleg økonomi for 'Bybanevogner AS' ved at selskapet leiger ut vognmateriellet sitt til Bybanen AS til marknadspris, minimum sjølvkost.
4. Vestland fylkeskommune vil når som helst kunne selje 'Bybanevogner AS' på marknadsvilkår til Bybanen AS eller kommersielle aktørar.

Avrøysting

Det var 17 representantar til stades.

Andersen sitt forslag punkt 1 fekk 1 røyst (FNB) og fall.

Det var 15 representantar til stades.

Andersen sitt forslag punkt 2-4 fekk 1 røyst (FNB) og fall.

Det var 17 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.
4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærcenter AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster

Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS, Vestnorsk filmsenter AS, Atheno AS og Framtidsfylket AS.

5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefellesskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurssenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.